

Fastlandssamband Halsnøy AS

ÅRSMELDING
2015



INNHALD

OM SELSKAPET.....	3
ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE.....	3
LIKESTILLING.....	3
DET YTRE MILJØET.....	3
OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING.....	4
OM DRIFTA AV SELSKAPET.....	4, 5
ØKONOMI.....	5, 6
BOMPENGEINNKREVJINGA.....	6, 7
TRAFIKKUTVIKLING.....	7, 8
VIDARE DRIFT.....	7, 8

RESULTATREKNESKAP

BALANSE

NOTAR

REVISJONSMELDING

OM SELSKAPET

Historikk

Arbeidet med å planleggje for eit fast vegsamband mellom Halsnøy og fastlands-Kvinnherad starta tidleg på 1980-talet. Selskapet vart stifta 19.november 1986.

Tunnelarbeidet starta i august 2005 og gjennomslag i tunnelen fann stad i august 2006.

Innkrevjing av bompengar starta 8. mars 2008 ved bomstasjonen på Halsnøy. I tillegg vart det krevd inn forhåndsompengar på ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik - Sunde frå 1.mars 2004 og fram til prosjektet vart tatt i bruk i mars 2008.

St.prp. nr. 84 (2002–2003) «Om bygging av riksveg 544 Halsnøysambandet med delvis bompengefinansiering» vart vedteke i Stortinget 20.november 2003.

I tråd med Stortinget sitt vedtak i St.prp. nr. 84 (2002-2003) vart det inngått bompengeavtale med Statens vegvesen og selskapet fekk rett til innkrevjing av bompengar til delvis finansiering av Halsnøysambandet.

Føremålet med selskapet er, etter godkjenning av prosjektet Halsnøysambandet i Stortinget, å ta opp og betale ned lån og syte for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjent ordning.

Aksjonærar

Selskapet sin aksjekapital er på NOK 190.000 fordelt på 190 aksjar pålydande NOK 1.000. Hordaland fylkeskommune er hovudaksjonær. Selskapet sine aksjonærar går fram av notane til rekneskapen. Alle aksjar har like rettar.

Styret

Selskapet hadde pr. 31.desember 2015 følgjande styre:

Styrelieiar	Ole Torbjørn Holmedal	varamedlem Svein K. Halleraker
Nestleiar	Synnøve Handeland	varamedlem Stein Inge Ryssdal
Styremedlem	Liv Kari Eskeland	varamedlem Leif-Steinar Alfsvåg
Styremedlem	Øyvind Hardeland	varamedlem Jostein Ljones
Styremedlem	Svein Røyrvik	varamedlem Kjell Yri

Varamedlemmene er personlege.

Styrelieiar innehar den formelle rolla som dagleg leiar. Styret har ei funksjonstid på 4 år. Nytt styre skal veljast i 2016

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Selskapet har ingen tilsette.

Arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande og selskapet hadde i 2015 ingen ulykker eller skader.

LIKESTILLING

Selskapet sitt styre har 3 mannlege og 2 kvinnelege medlemmar. Selskapet sitt styre er bevisst dei samfunnsmessige krava om tiltak for å fremja likestilling i selskapet.

DET YTRE MILJØET

Selskapet si verksemd medfører ikkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljøet, men trafikken på vegen gjennom Halsnøysambandet har ein miljøkonsekvens.

OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING

St.prp. nr. 84 (2002 – 2003) og Bompenggeavtalen legg premissane for fordeling av oppgåver og ansvar mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Fastlandssamband Halsnøy AS.

Fylkeskommunen er lånegarantist og vegeigar av FV 544 (riksveg 544 vart omgjort til fylkesveg frå 1. januar 2010).

Statens vegvesen var byggherre for prosjektet. Staten vegvesen er eigar av bomstasjonen og tilhøyrande innkrevjingsutstyr. Statens vegvesen har framforhandla avtalar om service- og vedlikehald på bomstasjonsutstyret, samt gjer avtale om sentralsystem (AutoPASS systemet) for bompenggeinnkrevjinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS har rett til innkrevjing av bompengar i 15 år frå oppstart innkrevjing og står for delfinansieringa av prosjektet i samsvar med vedtak i Stortinget og bompenggeavtalen. Samla ramme for Halsnøysambandet var ved utarbeiding av søknaden rekna til NOK 343 mill. (2003-kr)

I tillegg kjem utgifter til renter på lån, innkrevjingskostnader og kostnader til drift av selskapet.

OM DRIFTA AV SELSKAPET

Styremøte

Fastlandssamband Halsnøy AS har hatt 3 styremøte i 2015, 9.januar, 22.mai og 11.september på Kulturhuset Husnes.

Generalforsamling

Ordinær generalforsamling vart halden 19. juni 2015 på Dill AS, Halsnøy. Statens vegvesen og Riksrevisjonen fekk tilsendt generalforsamlingspapira og blei inviterte til å delta på generalforsamlinga.

Administrative oppgåver

Selskapet har avtale med Via Futura AS om utføring av administrative oppgåver i selskapet, samt kontorhald. Via Futura AS v/Marlen Hellen og Per-Jarle Johansen har i 2015 teke hand om den daglege drifta og utført spesielle og løpande oppgåver som er knytt til selskapet i høve til bompenggeavtalen.

Rekneskap og revisjon

Sumarum AS er ansvarleg rekneskapsfører. Selskapet har avtale med BDO AS om revisjon.

Driftsselskap

Selskapet har avtale med BT Signaal AS om drift av bompenggeinnkrevjinga. Driftsoperatør er selskapet sin underleverandør og står for sjølve innkrevjinga i bomstasjonen.

Service- og vedlikehald av vegkantutstyret

Selskapet har avtale med Tecsidel AS om service- og vedlikehald av bomstasjonen og vegkantutstyret.

Norvegfinans

Selskapet har frå 2011 vore medlem i Norvegfinans (interesseorganisasjonen for norske bompengeselskap).

Selskapskontroll

Det er i 2014 gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS. Selskapskontrollen vart utført av Deloitte AS på bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med selskapskontrollen var å undersøke og vurdere om Fastlandssamband Halsnøy AS har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. I same revisjon vart Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy AS undersøkt og vurdert.

I revisjonsrapporten konkluderer Deloitte AS med at Fastlandssamband Halsnøy AS utøver drifta i samsvar med gjeldande vedtekter. Det går samtidig fram av rapporten at revisjonen tilrår at selskapet vurderer å gjere endringar på nokre områder (m.a. innføre styreinstruks, gjennomføre eigenevaluering for styret, gjennomgå system og rutinar for innkjøp og skriftlege rutinar for budsjettering).

Hordaland fylkesting har i møte 10.3.2015 handsama rapporten og gjort vedtak om 5 punkt dei ber selskapet følgje opp. Selskapet vil følgje opp tilrådingane i løpet av 2015 og 2016.

ØKONOMI

Styret legg fram rekneskap og årsmelding for 2015. Årsrekneskapet gir etter styret si vurdering eit tilfredsstillande overblikk over aktiviteten i selskapet.

Låneopptak

Selskapet har eit lån i Kommunalbanken på NOK 188.809.924 pr.31.desember 2015. Lånet er basert på 3 mnd NIBOR med flytande margin.

Hordaland fylkeskommune har garantert for lånet med sjølvskuldnargaranti.

Finans

Selskapet har i løpet av 2015 opparbeida overskotslikviditet. Det har gjennom året vore ein positiv rentegevinst i forhold til avtalt lånerente og det har derfor ikkje vore betalt avdrag på lånet i Kommunalbanken.

Selskapet har eit negativt finansresultat på NOK 5.061.114.

Inntekter

Selskapet har i 2015 passeringsinntekter på NOK 22.939.078.

Renteinntekter i 2015 er NOK 292.864.

Utgifter

Selskapet sine administrasjonskostnader er på NOK 574.822 og innkrevjingskostnad på NOK 1.533.340.

Selskapet har ingen tilsette. Selskapet sine lønnskostnader er NOK 153.955 som er styrehonorar og kompensasjon til styret for tapt arbeidsinntekt.

Aktivert innkrevjingsrett og resultat

Aktivert innkrevjingsrett er bokført med NOK 161.522.459, sammenholdt med driftsresultatet på NOK 5.064.114 og netto finansposter på minus NOK 5.064.114 går årsresultatet i null, som er i tråd med selskapets formål om ikkje å drive med overskudd.

Rekneskapsprinsipp

Fastlandssamband Halsnøy AS følgjer rekneskapsprinsippa som går fram i «Veileder for regnskapsføring i bompengeselskap» utarbeida av Norvegfinans.

Nøkkeltal

Sluttavrekning fra Statens vegvesen på NOK 1.0 mill. mottatt i 2015.
Selskapet har fakturert Kvinnherad kommune NOK 100.000,- med 10% av sluttoppgjøret.

Totalkostnad prosjektet	NOK 538.8 mill. (2013-tall)
Selskapet innbetaling inkl tilskudd	NOK 357.6 mill. (2013-tall)

BOMPENGEINNKREVJINGA

Bomstasjonen/vegkantutstyr

Bomstasjonen er etablert om lag 700 meter frå tunnelopninga på Halsnøy og er heilautomatisk.

Vegkantutstyret ved bomstasjonen er levert av Tecsidel. Statens vegvesen er eigar av bomstasjonen og tilhøyrande vegkantutstyr og leiger dette ut vederlagsfritt til selskapet.

Service- og vedlikehaldsavtale

Q-Free ASA hadde fram til desember 2013 ansvar for service- og vedlikehaldet av vegkantutstyret ved bomstasjonen. Grunna fleire periodar med problem med innkrevjingsutstyret og som følgje av dette tap av passeringssinntekter vart det inngått ny service og vedlikehaldsavtale med Tecsidel.

Selskapet jobbar aktivt for å unngå driftsproblem på innkrevjingsutstyret.
Vegkantutstyret har i løpet av 2015 vore stabilt. Det har vore små driftsavvik, men desse har vore løyst raskt.

Bomstasjonsutstyr frå Fatlatunnelen

Selskapet overtok i 2014 reservedelar frå Fatlatunnelen (anlegget vart stengt 31.01.2014).
Reservedelar er lagra lokalt på Halsnøy, hos Tecsidel sin underleverandør. Tilgjengelege reservedelar sikrar at driftsavvik vert løyst raskt.

Innkrevjing utenlandske køyretøy

Vegdirektoratet har på vegne av bompengeselskapa forhandla fram avtalar for utanlandsinnkrevjing.
Selskapet har avtale om innkrevjing av bompengar frå utenlandske køyretøy gjennom EPC (European Parking Collection plc).

Turistløysinga (Visitors' Payment) i regi av Statens vegvesen Vegdirektoratet er eit tilbod til turistar og utanlandske kjøretøy. Løysinga gjer det enklare å betale i alle AutoPASS-anlegg ved at kunden registrere seg på nettet med kredittkort. Det har vore ein auke i bruken av denne løysinga sidan oppstart.

Takstar

Selskapet sine takstar- og rabatt:

Lett bil, t.o.m. 3500 kg	kr 100
Tung bil, f.o.m. 3501 kg	kr 320
Rabatt: 40 %	

<u>Takser m/ rabatt</u>	<u>Forskotsbeløp</u>	<u>Passeringar</u>
Takst lett bil kr. 60,-	kr. 2 400,-	40
Takst tung bil kr. 192,-	kr. 7 680,-	40

Takstendring

Selskapet søkte i september 2010 Statens vegvesen om takstendring. Det vart søkt om reduksjon i taksten for tung bil frå kr. 320,- til kr. 200,- samt innføring av ½ timesregel for lett bil. Selskapet la i søknaden m.a. vekt på prisforholdet mellom lett/tung bil som ligg høgare enn i andre bompenganeanlegg.

Statens vegvesen har i si vurdering av takstsøknaden lagt til grunn ein analyse for trafikkstraumen over bomstasjonen på Halsnøy og tilhøyrande ferjesamband. Analysen vart laga for å sjå effekten av avslutta innkrevjing av bompengar i Trekantsambandet, men er og lagt til grunn for vurdering av takstsøknaden.

Statens vegvesen sin analyse peika på at takstendring vil føre til reduksjon i bompengeinntekter. Det vert ikkje forventa at inntektstapet vil bli kompensert med trafikkvekst for tunge køyretøy. Statens vegvesen tilrår derfor ikkje reduksjon i takstnivået for tunge bilar og halvtimesregel. Med bakgrunn i Statens vegvesen si tilråding har selskapet trekt takstsøknaden.

TRAFIKKUTVIKLING

Tabellen viser brutto passeringar i bomstasjonen frå oppstart innkrevjing.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Månad	Passeringar	Passeringar	Passeringar	Passeringar	Passeringar	Passeringar	Passeringar	Passeringar
Januar	0	19566	19896	21110	21430	22675	23492	25215
Februar	0	19567	19685	21414	20495	21310	23091	24271
Mars	17525	21095	22752	23498	22671	23808	25319	28221
April	21383	21672	22030	22072	21112	23552	26679	27291
Mai	22163	23916	22845	23845	21921	25406	27920	28952
Juni	21874	24287	25445	24169	24367	25393	27920	30444
Juli	22659	24856	22706	23295	24693	25286	27229	31064
August	21289	23582	23235	23398	25110	26304	28078	31038
September	20934	23622	23205	20869	22853	25138	27728	30263
Oktober	20678	21265	23314	20507	24230	25696	27412	29623
November	20241	20639	22938	20528	22979	24599	25208	28228
Desember	20520	22358	23583	23099	22539	24277	25393	29253
Sum	209266	266425	271634	267804	274400	293444	315469	343863
ÅDT	700	730	744	734	750	804	864	942
Passeringar auke/ reduksjon		8,6 %	2,0 %	-1,4 %	2,5 %	6,9 %	7,5 %	9,0 %

ÅDT = gjennomsnittleg trafikk pr. døger

Nøkkeltala nedanfor er henta frå CS Norge – bompengeselskapa sitt innkrevjingsssystem.

Andelen miljøvennlege køyretøy som har gratis passering har auka vesentleg dei siste åra. Andelen passeringar med EI-bilar av total trafikk har dei siste tre åra vore 2,4 % (2012), 6,5 % (2013), 11,5 % (2014) og 16 % (2015).

VIDARE DRIFT

Årsoppgjeret er lagt fram under føresetnad om vidare drift av selskapet.

Det er etter styret si oppfatning ingen forhold til tilseier noko anna. Styret meiner årsrekneskapan gir eit rett bilete av selskapet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret har ikkje kjennskap til forhold etter rekneskapsåret sin utgang som er vesentlege for selskapet si stilling og resultat.

Basert på dagens trafikkfall og økonomisk rammevilkår regner styret med at bompengeinnkrevjinga kan opphøyra som planlagt i 2023.


Styret har løpande vurdering om den økonomiske situasjonen for selskapet på kort og lang sikt.

- Selskapet refinansierte lån i Kommunalbanken i 2013. Lånet gir fleksibilitet i forhold til at nedbetaling kan skje kvartalsvis etter selskapet sitt ynskje. Lånet i Kommunalbanken har gitt større handlingsrom og selskapet har ikkje likviditetsmessige utfordringar.
- Selskapet har overtatt bomstasjonsutstyr frå Fatlatunnelen AS. Utstyret er lagra lokalt på Halsnøy og er lett tilgjengeleg. Styret vurderer dette som eit godt tiltak for å unngå uakseptabel tidsbruk på feilretting og for å redusere inntektstap ved eventuelle feil på innkrevjingsutstyret.
- Selskapet inngjekk ny avtale med Tecsidel AS om service – og vedlikehald av innkrevjingsutstyret på bomstasjonen i 2013. I løpet av 2015 har det vore få problem på anlegget. Selskapet har hatt fokus på å retta opp feil raskt for å unngå inntektstap.
- Trafikkveksten i Halsnøysambandet var i 2015 på 9 %. Trafikkveksten har generert passeringsinntekter tilsvarende 11%. Tapte inntekter for passeringar med EI-bilar er estimert til NOK 3.367 mill. Det er då tatt høgde for at EI-bilane normalt ville hatt avtale om 40 % rabatt.
- Styret vurderer at det er usikkert om selskapet vil oppfylle sine forpliktingar innan gitt innkrevjingsperiode då økonomien i prosjektet er relativt følsam for endringar. I følgje St.prp. 84 (2003-2004) kan selskapet vurdere å auke takstane og forlenge innkrevjingsperioden med inntil 5 år dersom bompengeinntektene blir lågare enn forventa.

Styret arbeidar ut frå føresetnaden om fortsatt drift av selskapet.

Fastlandssamband Halsnøy AS har ut frå føresetnader og rammevilkår ei tilfredsstillande, men stram økonomisk og finansiell stilling.


Husnes, 20. mai 2016


Ole Torbjørn Holmedal
styreleiar


Synnøve Handeland
nestleiar


Øyvind Handeland
styremedlem


Liv Kari Eskeland
styremedlem


Svein Røyrvik
styremedlem

Årsregnskap

2015

Fastlandssamband Halsnøy AS

Org.nr: 942 581 645

Fastlandssamband Halsnøy AS

Resultatregnskap


DRIFTSINNTEKTER OG -KOSTNADER	Note	2015	2014
Passeringsinntekter		22 939 078	20 736 822
Sum driftsinntekter		<u>22 939 078</u>	<u>20 736 822</u>
Lønnskostnad	1	153 955	84 355
Avskrivningskostnad	2, 5	15 615 847	11 599 076
Innkrevningskostnad		1 533 340	1 925 089
Administrasjonskostnad	1	574 822	502 926
Sum driftskostnader		<u>17 877 964</u>	<u>14 111 446</u>
Driftsresultat		<u>5 061 114</u>	<u>6 625 376</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt		292 864	227 310
Annen finansinntekt		75	0
Annen finanskostnad		5 289 235	6 852 685
Annen finanskostnad		64 817	0
Resultat av finansposter		<u>-5 061 114</u>	<u>-6 625 375</u>
Årsresultat		<u>0</u>	<u>0</u>

Fastlandssamband Halsnøy AS


Balanse

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2015	2014
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital (190 aksjer á kr 1 000)	5, 6	<u>190 000</u>	<u>190 000</u>
Sum innskutt egenkapital		<u>190 000</u>	<u>190 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	5	<u>221 277</u>	<u>221 277</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>221 277</u>	<u>221 277</u>
SUM EGENKAPITAL	5	<u>411 277</u>	<u>411 277</u>
GJELD			
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	<u>188 809 924</u>	<u>188 809 924</u>
Sum annen langsiktig gjeld		<u>188 809 924</u>	<u>188 809 924</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		371 331	430 630
Skattetrekk og annen offentlig gjeld		51 016	0
Annen kortsiktig gjeld		<u>6 731 939</u>	<u>7 755 772</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>7 154 286</u>	<u>8 186 403</u>
SUM GJELD		<u>195 964 210</u>	<u>196 996 327</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u>196 375 487</u>	<u>197 407 604</u>


Halsnøy , 20.05.2016




Ole Torbjørn Holmedal
Styrets leder/daglig leder



Liv Kari Eskeland
Styremedlem



Synnøve Handeland
Nestleder



Øyvind Ansgar Hardeland
Styremedlem



Svein Røyrvik
Styremedlem

Fastlandssamband Halsnøy AS

Balanse

EIENDELER	Note	2015	2014
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Fastlandssamband	2	<u>161 522 459</u>	<u>177 138 306</u>
Sum immaterielle eiendeler		<u>161 522 459</u>	<u>177 138 306</u>
SUM ANLEGGSMIDLER		<u>161 522 459</u>	<u>177 138 306</u>
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer		1 096 216	1 104 196
Andre kortsiktige fordringer		<u>1 009 084</u>	<u>544 931</u>
Sum fordringer	7	<u>2 105 300</u>	<u>1 649 127</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	<u>32 747 727</u>	<u>18 620 171</u>
SUM OMLØPSMIDLER		<u>34 853 028</u>	<u>20 269 298</u>
SUM EIENDELER		<u>196 375 487</u>	<u>197 407 604</u>

Fastlandssamband Halsnøy AS

Noter til årsregnskapet for 2015

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak. Regnskapsprinsippene er beskrevet nedenfor.

Veiprosjektet

I selskapet Fastlandssamband Halsnøy AS inngår veiprosjektet Halsnøysambandet. Arbeidet på Halsnøysamband startet våren 2005. Halsnøysambandet ble åpnet for ordinær trafikk 8. mars 2008. Prosjektet finansieres med 33 % statlige midler, 10 % kommunalt tilskudd og 57 % bompenger. Innkrevningsperioden er i utgangspunktet satt til 15 år. Det er inngått avtale med Statens Vegvesen, Vegdirektoratet om administrasjon av innkrevningen. Avtalen gir selskapet rett til å innkreve bompenger for å dekke finansieringen, egne administrasjonsutgifter og drift av bompengordningen.

Driftsinntekter og kostnader

Passeringer ved bomstasjonene inntektsføres til virkelig verdi på passeringstidspunktet under regnskapslinjen passeringsinntekter. Eventuelle forskuddsbetalinger fra kunder blir balanseført og tas først til inntekt når kundene blir belastet for passeringer.

Under regnskapslinjen innkrevningskostnad kostnadsføres alle kostnader som er direkte relatert til selskapets bompengeneinnkreving. Under regnskapslinjen administrasjonskostnader kostnadsføres øvrige kostnader som er relatert til selskapets drift. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Immaterielle eiendeler herunder innkrevningsrett

Årlige tilskudd i prosjektet rekvireres av Statens Vegvesen. Årlige tilskudd er begrenset av en totalramme for prosjektet (Stortingsproposisjon) og prosjektets evne til å nedbetale gjelden gjennom etterskuddsinnkreving av bompenger. Ved utbetaling til statens vegvesen ble tilsvarende beløp aktivert som en immateriell eiendel/innkrevningsrett sammen med påløpte kostnader i planfasen. Innkrevningsretten er regulert i egen avtale inngått med Statens Vegvesen.

Avskrivning innkrevningsrett

Innkrevningsretten ble tom regnskapsåret 2011 blitt avskrevet lineært over forventet innkrevningsperiode (15 år).

Fra og med regnskapsåret 2012 er innkrevningsretten avskrevet etter en progressiv metode som medfører at selskapet benytter sitt årsoverskudd til avskrivning av innkrevningsretten. Metoden innebærer at avskrivningsbeløpene øker i takt med selskapets evne til å nedbetale gjeld til kredittinstitusjoner.

Virkingen av endringen i avskrivningsmetoden fordeles over gjenværende avskrivningsperiode. Det er ikke utarbeidet sammenligningstall.

Fastlandssamband Halsnøy AS

Noter til årsregnskapet for 2015

Vurdering og klassifisering av øvrige balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen ett år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid, skal avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidler skal nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes å ikke være forbigående. Nedskrivningen skal reverseres i den utstrekning grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Gjeld vurderes til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Skatt

Selskapet har ikke økonomisk overskudd som formål og er fritatt for skatteplikt.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den indirekte metode.

Fastlandssamband Halsnøy AS

Noter til årsregnskapet for 2015

Note 1 – Lønn, godtgjørelser

Lønnskostnader består av:

	2015	2014
Lønn	70 000	0
Feriepenger	8 400	0
Styrehonorar	60 800	54 300
Arbeidsgiveravgift	14 755	5 756
Refusjon lønnsutgifter	0	24 299
Sum	153 955	84 355

Selskapet er ikke pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, da de ikke har noen ansatte.

Det er kostnadsført honorar til revisor med kr 32 000 eks mva for lovpålagt revisjon og kr 6 700 eks mva for andre tjenester.

Note 2 - Aktivert innkrevingsrett av bompenger

	Halsnøysambandet
Aktivert innkrevningsrett 01.01.	280 803 114
Aktivert innkrevningsrett 31.12.	280 803 114
Akkumulerte avskrivninger	-119 280 655
Bokført verdi 31.12.	161 522 459
Årets avskrivninger	15 615 847

Note 3 - Bundne midler

I posten bankinnskudd inngår bundne bankinnskudd med kr 42 706 pr 31.12.2015.

Note 4 - Spesifikasjon av gjeld

Selskapet har gjeld til Kommunalbanken pålydende kr 188 809 924 pr 31.12.15.

Gjeld som forfaller til betaling mer enn fem år etter regnskapsårets slutt utgjør kr 188 809 924. Lånet er sikret med garanti fra Hordaland Fylkeskommune med inntil kr 255 mill. knyttet til retten til å kreve inn bompenger.

Fastlandssamband Halsnøy AS

Noter til årsregnskapet for 2015

Note 5 – Endring i egenkapital

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 01.01	190 000	221 277	411 277
Årsresultat	0	0	0
Egenkapital 31.12	190 000	221 277	411 277

Note 6 – Spesifikasjon av aksjekapital og aksjonærer

Selskapets aksjekapital er kr 190 000. Aksjekapitalen består av 190 aksjer pålydende kr 1 000. Pr. 31.12. hadde selskapet følgende aksjonærer:

	Antall aksjer
Hordaland Fylkeskommune	100
Kvinnherad kommune	50
Stord kommune	10
Husnes Storsenters Senterforening	6
Sør-Norge Aluminium AS	3
Barge Invest AS	2
Hilco Industri & Marineservice AS	2
Thormodsæter Entreprenør AS	2
BW Gas ASA	2
Viggo Agdestein	1
Datahjelp AS	1
Emmerhoff & Tennebø	1
Fjellberg Landhandel	1
Gerhard Eide	1
Otto Blokhus	1
Norolf og Annbjørg Tvedten sine etterkommere	1
Kjell Kjeka	1
Koløys Kjøpesenter	1
Kvinnherad Betong AS	1
Kvinnheringen AS	1
P/L Fjellberg Kraftlag	1
KS Eigedom AS	1
Sum aksjer	190

Note 7 – Spesifikasjon av fordringer

Fordringer som forfaller senere enn ett år etter regnskapsårets slutt utgjør kr 0.

KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER	2015	2014
Ordinært resultat før skattekostnad	0	0
Periodens betalte skatt	0	0
Ordinære avskrivninger	15 615 847	11 599 076
Endring i kundefordringer	7 980	-148 016
Endring i leverandørgjeld	-59 299	109 202
Endring i andre omløpsmidler og andre gjeldsposter	-1 436 972	1 484 259
Netto kontantsstrøm fra operasjonelle aktiviteter	14 127 556	13 044 521

KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER

Endring anskaffelseskost på aktivert innkrevningsrett	0	0
Netto kontantsstrøm fra investeringsaktiviteter	0	0

KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER

Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	0
Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld	0	0
Netto endring i kassekreditt	0	0
Netto kontantsstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0

Netto endring i bankinnskudd, kontanter o.l.	14 127 556	13 044 521
Beholdning av bankinnskudd, kontanter o.l. pr. 01.01.	18 620 171	5 575 650
Beholdning av bankinnskudd, kontanter o.l. pr. 31.12.	32 747 727	18 620 171

Til generalforsamlingen i Fastlandssamband Halsnøy AS

Revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Fastlandssamband Halsnøy AS, som viser et årsresultat på kr 0. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Fastlandssamband Halsnøy AS per 31. desember 2015, og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 2. juni 2016

BDO AS



Solveig Bø Dalstø
Statsautorisert revisor